

## INNKALLING TIL ÅRSMØTE I

# ImF-Stord

Tysdag 22. februar  
kl. 19.00  
Stad : Leirvik bedehus

### Saksliste til årsmøtet

1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Val av ordstyrer
3. Val av møtebokfører
4. Val av to til å skrive under møteboka
5. Årsmeldinga for ImF Stord
6. Årsmeldinga for alle undergruppene:
  - Søndagskolen
  - Junior-ving
  - Levende lys
  - Fredagsklubben
  - UKS og IUF
  - Pensjonistlaget
  - Bibelgruppene
  - SunnBok
  - ImF Styret
7. Regnskap 2021 og budsjett 2021
8. Val

Pause med kaffi

Presentasjon av valet

9. Samtale om arbeidet

### Medlemskap ImF Stord:

Det er viktig at alle betaler medlemskontigent 2022 før årsmøte.

Beløp: 300,-

Vipps: 110340 - Konto: 3000.22.08101

NB: Husk å merke med namn. Ta kontakt dersom du vil ha hjelp med dette.



## **5. Årsmelding for ImF Stord 2021**

ImF Stord hadde årsmøte 06.05 2021

Etter valget ble styret slik:

Jarle Steinsland	styreleder	2021-2022
Astrid Kjellevold og Mariann Milje	styremedlemmer	2020-2022
Andre Balcken og Kjetil Fyllingen	styremedlemmer	2021-2023

Margrethe Hystad Carter	1.vara 2021-2022
Ole Jørgen Tveit	2.vara 2021-2022
Per Magne Djupvik	3.vara 2021-2022

### **Valnemnd:**

Wibekke Balcken og Svein Gunnar Notland blir valgt for 2021, 1 person blir oppnevnt fra styret, denne personen leder valget og kaller inn til møte.

### **Revisorar:**

Jorunn E.Hystad og Birgitte Hatlevik for 2021

Medlemmer : ImF Stord hadde i 2021 139 registrerte medlemmer, av disse har 49 betalt medlemskontigenten.

### **Vedtekter og visjon**

Styret har hatt et overordnet ønske om å lede arbeidet slik det kommer fram i vedtektena for ImF Stord.

### **Vedtekter:**

#### **§1.Grunnlag:**

ImF Stord byggjer sitt arbeid på Bibelen, Guds ord, og den evangelisk lutherske vedkjenning. På dette grunnlaget driv foreininga alt sitt arbeid, kallar frivillige og tilset sine medarbeidarar.

#### **§2. Føremål**

a. ImF Stord har til mål å styrkja kristent liv mellom barn, unge, vaksne og eldre. For å nå dette føremålet vil vi forkynne Guds ord og vise omsorg gjennom dei tiltak, reidskapar og kanalar vi finn nyttig.

**b.** ImF Stord vil arbeide saman med Indremisjonssamskipnaden og Indremisjonsforbundet for å styrke Indremisjonen sitt kallsoppdrag. Foreninga vil ta medansvar for å skaffe økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver kretsen og Indremisjonsforbundet utfører på vegne av dei innmeldte einingane.

## Målsetjing (Visjon)

Me vil byggja varme, inkluderande kristne fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar.

Dette året ble enda ett spesielt år for oss i ImF Stord og for landet vårt forøvrig. Neste hele første semesteret ble det vanskelig å møtes som forsamling på grunn av smittenedstenging. Det var krevende å planlegge samlinger som stadig måtte avlyses på grunn av nye regler og nedstenginger. Vi hadde likevel noen få treffpunkt, blandt annet 2 dåper av Mathilde og Kaleb som vi sendte digitalt så resten av forsamlingen kunne være med på ett vis. Det var jo utfordrende å finne gode løsninger da vi kun hadde lov å være 10 personer tilstede, men til tross for dette ble det ei fin og høytidelig stund i begge barnedåpene. I tillegg til dette hadde vi ett par samlinger med anntallsbegrensning. Vi merket jo at folket var skeptiske til å samles, selv om vi hadde fine samlinger med de få som kom.

Helt i starten av året hadde vi noen digitale sendinger, men merket etterhvert at folk gikk litt lei det å samles digitalt, det ble etterhvert så pass liten respons at vi valgte å legge de digitale sendingene på is. Det var ganske mye arbeid med å få produsert dette, og da kollektene uteble blei det vanskelig å forsvare økonomisk.

Heldigvis startet høsten ganske bra, vi kunne samles flere og det var større lettelser i samfunnet. Vi hadde ei koselig samlingsfest med salg av is utenfor etter møte, det var fantastisk å endelig kunne samles igjen.

Til tross for dette så merket vi at folk var skeptiske til store forsamlinger, så det gikk noen måneder før folk kom tilbake igjen både på søndagsskolen og på forsamlingsmøtene, vi merket også at mange hadde fått litt andre vaner. Mange var slitne på grunn av en lang og krevende periode med hjemmeskole, karantene, sykdom og en utfordrende hverdag. Dette merket vi godt når vi prøvde å engasjere frivillige til arbeidet igjen, det var krevende å få folk med til de ulike oppgavene.

Når vi kom godt uti oktober merket vi at folket begynnte å komme tilbake til forsamlingsmøtene igjen, så det var en skikkelig nedtur da det kom en ny smittebølge og alt av julekonserter og samlinger igjen måtte avlyses.

Vi ber virkelig om at det det kommende året blir ett annerledes år. Vi kjenner at vi savner å komme sammen som forsamling på normalt vis. Vi trenger hverandre og gler oss veldig til den tiden kommer da vi igjen kan få samles å lovsyng, gi hverandre en god klem, ta en kaffi og en god matbit etter møtet osv.

Bibelgruppene har vært kreative og mange har møttes i mindre grupper dette året, noe som har vært veldig positivt. Bønnegruppa som møtes torsdag formiddag har hatt samlinger når det har vært forsvarlig, i tillegg har vi denne høsten startet opp med bønn på kveldstid også. Dette har vært gode treffpunkt hvor vi har fått være i bønn for forsamlingen og samfunnet vårt..

På tross av pandemien har heldigvis givertjenesten hatt en positiv utvikling og flere har blitt faste givere . Dette er vi svært takknemlige for. Vi jobber kontinuerlig med å få givertjenesten opp på ett nivå som gjør at vi i større grad kan få være til velsignelse for nærmiljøet vårt med kollektene som kommer inn. Vår drøm er at vi kan få være til velsignelse for misjon øya vår i mye større grad enn vi er i dag. Samtidig som vi har økonomi til å ha ansatte. For å komme dit trenger vi at alle er med å gir økonomisk.

Vi er enormt takknemlige for alle som er med å bidrar på ulike områder i forsamlingen, tusen hjertelig takk for all tid, penger og engasjemang dere gir inn. Må Gud velsigne dere rikelig tilbake å gi dere stor glede i tjensten.

## **6. Årsmeldinga for alle undergruppene -**

### **ÅRSMELDING for Awana søndagsskule Leirvik bedehus 2021.**

Det vart våren 21 gjennomført 4 samlinger med utesøndagsskule for dei 2 eldste gruppene, og inne for Cubbies; gruppa for dei under skulealder. (14.mars, 25.april, 9.mai, 6.juni, samt familiemøte 17.juni.) Oppmøtet har vore varierande, frå om lag 12 – 30 born. Påska 21 var maskoten vår Petty Nonstop innom over 20 familiar tilknytt Søndagsskulen med ei «Inspirasjon til tru i heimen» overrasking.

Hausten 21 opna med storsamling 29.august og søndagsskule i september, oktober og november (5 samlinger), og familiemøte 31.okt. Leiarsamling 22.september og Inspirasjonssamling ved Cecilie Skår, Awana konsulent i ImF-UNG 30.september. Familiemøtet planlagt 13.des vart til ei digital julesamling.


Aktive leiarar vår: Siv Hilde Solsvik, Eilén Milje Helmersen, Per Magne Djupvik, Ingeborg Brekke, Ingeborg Hageberg og Jostein Brekke, Karoline og Jon Greger Notland, Reidun Dyrøy, Torbjørn og Sara Brosvik. Haust: Ingfrid H.Evensen, Frode Aase, Eilén Milje Helmersen, Reidun Dyrøy, Sara Brosvik.

## ÅRSMELDING FOR Leirvik JuniorVing året 2021



Leirvik JuniorVing er eit barnelag drive under IMF-Stord, og er eit tilbod for alle born i alderen frå 2. til og med 4. klasse. Denne våren fortsette me med konseptet UteJuniorVing der me hadde alle samlingane ute på ulike stader i nærområdet. Samlingane var måndagar 17:30 til 19:00 i oddetalsveker. På hausten flytta me samlingane til torsdagen same tid, slik at me ikkje skulle ha kollisjonar med Stord SoulChildren. På grunn av smittevern hadde me 1 avlyst samling og 6 ute-samlingar (vår). Me har vore nøyne med smittevern, og ført nøyaktige oppmøtelister, men heldigvis ikkje hatt behov for å varsle om smitte på nokon av samlingane våre, og er glade me har kunna hatt eit godt tilbod til borna i denne tunge tida. Borna har tydeleg hatt glede av eit tilbod når mykje var stengt.

JuniorVing hadde 14 samlingar i 2021, 6 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret.  
Oppmøte for våren: Det har vore innom 25 barn, der 6 vart betalande medlemmer. På samlingane hadde me i gjennomsnitt 12 barn, maks var 21 og minimum var 5 barn.  
Oppmøte for hausten: Det har vore innom 25 barn og der 3 vart betalande medlemmer. På samlingane hadde me i gjennomsnitt 9 barn, maks var 19 og minimum var 3 barn.



Samlingane tek til med "Ving"-songen. Etter ei lita songstund, bøn og bibelforteljing, delar me oss inn i ulike aktivitetsgrupper. Vårsamlingane var ute og då tilpassa me aktivitetane til å vera ute. Aktivitetane er i hovudsak ulike typar hobbyarbeid, matlaging, spelegruppe som speler ulike spel og sløyd. Til avslutning ber me ei kort bøn. Våren hadde fokus på boda i andaktane og hausten har me hatt fokus på Fadervår. Samlingane om våren var ute i nærområdet. Det fungerte bra og ungane likte det. Ungane blir litt mindre kjende med kvarandre på tvers av skulane.

Medlemskontingenenten er 50 kr. pr. semester, den er sett lågt for at medlemskontingenenten ikkje skal vere til hinder for nokon til å bli med. Me ynskjer å kunne fortelje om Jesus til flest mogleg samstundes som me skal ha det kjekt.

Me har vore ein god leiarstab, men for få. Me har hatt 2 styremøte i løpet av året. Hausten har me hatt for lite leiarar, og må ha fokus på leiarrekrytting! Me burde ha vore minst ein vaksen til.

### Økonomi

Økonomien er bra. I år har me gått med overskot på kr 3100. Behaldning årsslutt kr 30800. Me har no ein del midlar på bok. Me planlegg å brukha noko av dette på inventar og utstyr i forbindelse med oppussinga samt noko på rekrutteringstiltak .

Inntekter	Utgifter	Inntekter	13227
Kollekt og diverse	263	Mat	1082
Medlemskontingent	550	Materiell	1050
Utdeling	370	Hobbyart, utlodding	895
Renter	32	Annonse	1273
Frifond+kommune	12012	Awana, utsyr, verktøy	5827
<b>Sum inntekter</b>	<b>13227</b>	<b>Sum utgifter</b>	<b>10127</b>
		- Utgifter	10127
		<b>Overskot</b>	<b>3100</b>

Kommentar: Me har fått FriFondmidlar på kr 7654 og kommunale tilskot på kr 4358. Tusen takk!

### Oppsummering

Me freistar å sjå kvart einaste av borna som kjem, slik at dei skal vera trygge, trivast og ha det kjekt på JuniorVing og på Leirvik Bedehus. Dermed er me med på å "Byggja eit varmt og inkluderande kristent fellesskap" I andaktane vil me at borna skal bli kjende med Jesus.

### Leiarar som har vore med:

Våren Johny Dyrøy leiar  
Åslaug Leiknes Nag  
Karoline Hansen Gravdal  
Ingeborg Grimsbø  
Karoline Grimsbø

Hausten Johny Dyrøy (sign) leiar  
Åslaug Leiknes Nag  
Adine Sæe  
Torjus Teistedal Dyrøy



## ÅRSMELDING FOR LevandeLys året 2021



Barnekoret Levande Lys har hatt et utfordrande og stille år. Hausten 2020 hadde koret ikkje drift, dels på grunn av få leiarar og dels på grunn av koronautfordringar. For året 2021 planla og håpte me å ha ny drift i Levande Lys.

Seint på våren skulle me delta på utegudsteneste, men denne gudstenesta vart avlyst på grunn av covid restriksjonar. Me planla så å delta på samlingsfesten, men her klarte me ikkje å få med mange nok barn. Me planla så å delta på «Syng jula inn» og søndagsskulefesten, men begge desse vart avlyste på grunn av covid restriksjonar. På grunn av lite aktivitet fekk me ingen betalande medlemmer i 2021.

Dersom me klarer å få ny drift i 2022 håper me å samarbeide med dei andre kora på bedehuset. Me har framleis utstyret, øvingstid, Facebook side og skaplass på bedehuset, så alt legg godt til rette for 2022.

Økonomi. I 2021 fekk me fekk FriFond midlar på grunnlag av medlemmene i 2020. Sidan me ønsker og håper å ta opp ny drift har me brukt midlane me har på to kor monitorar og nokre mikrofon halddarar som koret treng på både øvingar og framføringar. Forsterkarar har me.

Inntekter	Utgifter
Frifond	5 029
Gåver	747
<b>Sum inntekter</b>	<b>5776</b>
	<b>Utgifter</b>
	Lydutstyr 2 stk monitorer
	Div Lydutstyr mikrofonholdere
	<b>Sum utgifter</b>
	<b>5649</b>
	<b>5776</b>

Kommentar: Me har fått FriFondmidlar på kr 5029.

### Oppsummering

Trass i lite aktivitet i 2021 håper og ynskjer me at 2022 skal gi nye muligheter og driv til barnekoret Levande Lys. Det er et viktig arbeid, borna liker det, me møter mange, både born og føresette, og barnekoret er viktig innslag i arbeidet i Stord Kyrkjelyd og Leirvik Bedehus. Dersom du ynskjer å delta i dette arbeidet er det berre å ta kontakt med IMF Stord styret eller Reidun Teistedal Dyrøy.

### Leiarar som har vore med:

Reidun Teistedal Dyrøy og Johny Dyrøy (sign)

## ÅRSMELDING FREDAGSKLUBBEN

Nok eit år med restreksjonar og begrensninger på aktivitetene det siste året, men me har hatt fine samlingar dei gongene me har møttes.

Vårsemesteret vart sparka i gong i slutten av januar, og me hadde samlingar som planlagt. Me hadde hobbykveldar, tur i parken med boller og kakao, utlodningar og sjølvsagt andakt og god mat på kvar samling.

Etter vinterferien var det nye restreksjonar og færre samlingar.

Hausteamesteret gjekk som planlagt. Me starta opp 3. september og hadde samling kvar fredag fram til og med 3. desember då me sluttet av semesteret med juleverksted. Denne hausten har me hatt turar ut, leirkveld, utlodning, misjonskveld/Afrikakveld og hobbykveldar.

Me har hatt bra med born, fra 24 på det meste, men rundt 10-15 dei fleste kveldane. Me føler nok på at me mister nokon underveis når det er nye nedstengninger.

Ledarane er ein flott gjeng, me har det kjekt sammen, men me har plass til fleire! Takk til dåke som seier ja når me spør om å ha andakt o.l. Det er me veldig takknemlige for.

Me ser på arbeidet blant disse 10-12 åringene som veldig viktig. Takk til deg som hugsar oss i bønn.

Lesarane i fredagsklubben

## Årsmelding UKS 2021

I styret for våren: Amalie Olsnes, Andrea Teistedal Dyrøy, Hannah Kleven, Jenny Helen Vyzantios, Kristian Furuhovde Helland, Kristoffer Hatlevik, Lea Synneva Andersland, Martine Matre, Samuel Andersland, Samuel Fyllingen, Sindre Matre, Theodor Gravdal. Hilde Kristin Teigland og Johnny Dyrøy som vaksenkontakt.

I styret for hausten: Jenny Helen, Jonas Stautland Eide, Kristian Furuhovde Helland, Kristoffer Hatlevik, Lea Synneva Andersland, Samuel Fyllingen, Selma Andresen. Hilde Kristin Teigland og Johnny Dyrøy som vaksenkontakt.

I 2021 har UKS arrangert 28 UKS-kveldar, eit Alpha-kurs og bibelgrupper for ungdommar (primært 8.-10. klasse). Våren innebar 15 kveldar + eit par laurdagar. Første UKS for året gjekk av stabelen 29.januar, oppe på Leirvik Bedehus. Etter mykje om og men fekk me endeleg gjennomført eit veldig kjekt besøk frå The Send Teams den 7. mai, og Substans Bibelskule den 4.juni. På hausten fekk me til 13 kveldar, med oppstart 20. august. I tillegg til UKS vart det også i år arrangert Pit Stop på Leirvik Bedehus, som er eit viktig arrangement for ungdommane. I september hadde me vårt første Alpha-kurs saman med kjekke leiarar frå Credokirken Stord. Me kjem til å arrangere fleire slike kurs ettersom me fekk sjå fleire ungdommar ta viktige steg i tru gjennom kurs-kveldane og weekend.

I år har det vore svært varierande med tanke på kor mange som har vore innom UKS frå gong til gong. Me ser at ulike faktorar som antallsbegrensing, påmelding, avstand, kohortar og liknande spelar inn i forhold til kor mange som vil komme på kveldane. Nokon kveldar har me vore 10stk + arrangørar, andre kveldar 60stk. Dei fleste uks-samlingane har vore oppe i hovudsalen i år og det har me blitt godt vande med. Den 22 oktober fekk me flytte ned i ungdomslokalet igjen, og var der fram til juleavslutninga som vart oppe grunna smittevern.

Fram til sommaren hadde me alternativ kiosk med innpakka godteri og brusboksar, men etter sommaren fekk me endeleg starta opp att med is-salet. Heller ikkje dette året har me hatt moglegheit til å bowle, leige gymsal eller gå på bading på kveldane våre, men me har likevel hatt fleire kjekke kveldar med utkledning, for eksempel med «80-talls» tema. Eit av koronatilltaka me har hatt i 2021 er at alle skal møte på UKS før kl.20.30 for registrering før møtet startar. Dette ser me at er ein kjekk regel å halda fram med grunna at me ønsker at ungdommane skal vera meir samla, og at dei som går på UKS kan få med seg noko som er endå viktigare enn det sosiale og kjekke som skjer seinare på kveldane.

Guri Bjørnevik har hatt ansvar for økonomien på vårparten og Hilde Kristin Teigland på haustparten. Hilde lagar lister, skaffa andaktshaldarar og vaksne hjelparar til på UKS kveldane. Ungdommane i styret har møte med opning, lovesong, ledar, har ansvar for kafé og aktivitet. Dei er dyktige og engasjerte. Me har vore to-tre vaksne kvar fredag, i tillegg til «kjernen» som er Johny Dyrøy og Hilde Kristin Teigland.

Nyttårssfeiringa som skulle være på bedehuset som avslutning på 2021 vart det dessverre ikkje noko av grunna for høgt smittetrykk.

Til tross for at ungdomsarbeidet har måtte avlyse og utsette planar gjennom året, er me veldig takksame til Gud for alt me fekk vera for ungdommane på Stord dette året og for at me får følgje ungdommane i-og til eit liv med Jesus. Me er særstakksame for alle dei frivillige vaksne som har stilt opp og gjort det mogeleg å gjennomføre UKS dette året.

For UKS

Hilde Kristin Teigland

## ÅRSMELDING FOR IUF 2021

IUF har hatt 23 kveldar i 2021, i tillegg til bønnevandring og Pit Stop. På våren hadde me 17 kveldar saman, og på hausen hadde me 6 kveldar. Grunna strengare smittevern for aldersgruppa, og at ein del av dei faste flytta denne hausten har det vore færre kveldar. På kveldane har me vore mellom 5-10 deltakrar. Sidan me har vore ei lita gruppe har me heldigvis hatt moglegheita til å halde oppe arbeidet sjølv når smittetrykket har stengt ned andre samlingar rundt oss.

Den 6. februar inviterte IUF til bønnevandring. Me starta med bønn utanfor bedehuset før me gjekk ned Borggata, opp bak kulturhuset og til Landåsen. I Landåsen grilla me pølser og nøyt vintervêret. Det var ein flott opplevelse å saman kunne velsigne øya vår og dei andre kristne forsamlingane på Stord. På våren hadde me besøk av eit reiseteam frå The Send og

Bibelskulen Substans. Dette var to veldig kjekke helger der me fekk brukt tid i lovsong og bønn og vore sosiale med fleire som er i aldersgruppa til IUF. Ein av kveldane me hadde i år valde me å slå oss saman med Kristent Fellesskap framfor at dei hadde møte i kjellaren og me oppe på Leirvik Bedehus. Det var kjekt å kunne samarbeide om å lage ein fin kveld med fokus på lovsong, vitnesbyrd og bønn.

Hilde Kristin Teigland har hatt ansvaret for å planlegge når det skulle være IUF-kveld ut frå smittevernsreglane. Elles har det vore enkel kiosk, ofte med pizza, brus og godteri. I 2021 valde me å gå over frå vanleg møteoppsett til å ha kveldar fokusert inn på fellesskap, lovsong, bønn og bibel. Me har blant anna ikkje stått på scenen i løpet av kvelden, men heller tatt alt i ein sofakrok. På våren hadde me mange av kveldane i heimane til dei som gjekk på IUF. På kveldane har det vore brennande ungdommar/unge vaksne som verkeleg ønsker å nå ut med dei gode nyheitene og sette fokuset på Jesus. Det har vore mange veldig fine kveldar med IUF i år.

Sjølv om det har vore eit flott IUF-år og me opplever at me har fått leiing i forhold til korleis kveldane skal sjå ut, kjenner me no at det er tida for å la andre ting vokse fram. Derfor har me som planlegg IUF snakka saman med dei som har gått der om at me legg ned IUF etter 2021. Elles er det ikkje så mange nye som har vore innom IUF dette året, så me tenker at det kanskje er på tide med noko anna.

For IUF

Hilde Kristin Teigland

### **Pensjonistlaget «Vi over 60» ved Leirvik Bedehus.**

#### **Årsmelding 2021**

På grunn av koronapandemien ble det ikke avviklet årsmøte i 2020. Men det ble skrevet en årsmelding som omhandler både 2019 og de to samlingene vi hadde i 2020. Regnskapet omfatter tre måneder i 2019, og de to møtene vi hadde i 2020, og ble avsluttet 31.12.2020.

Styret vil nå benytte anledning til å la både regnskap og årsmelding følge kalenderåret.

Styret i 2021:

Leder:	Reidar Brevik
Nestleder:	Tore Tveit
Kasserer:	Jakob Thormodsæter
Styremedlem:	Eva Djupvik
Varamedlemmer:	Leiv Stokken, Inge Hystad, Lars Hageberg

Revisorar : Ruth Hageberg og Helge Jensen.

Valgkomite: Edel Sørvik, Inge Hystad, Tore Tveit

Turnemnd : Leiv Stokken , Jacob Thormodsæter og Svein Bjarne Aase.

### **Oversikt over samlingene i 2021:**

September: Håkon Hartvedt – sang og andakt

Oktober: Eirik Tappel – sang og andakt.

November: Kirkens bymisjon – Liene Tolka og Lars Hellerdal  
Solasang av Rut Hageberg

### **Valg**

Siden det ikke ble avviklet årsmøte med valg i 2020, er hele styret på valg. Flere fra styret ønsker å trekke seg, men vi takker valgkomiteen for jobben med å skaffe nye kandidater. For vi ønsker fortsatt å gi dette tilbudet til de eldre i vår forsamling.

Styret takker alle som har deltatt på pensjonisttreffene våre. Og en ekstra takk til «kjøkkengjengen». Uten innsatsen deres hadde vi ikke greid serveringen av middag og kaffe.

### **En hilsen til årsmøte**

Det var mange som levde i forventing da Jesus ble født i Betlehem. En av dem var gamle Simeon som vi kan lese om i slutten av Luk.2. Om ventetiden hadde vært lang, vil jeg tro at han ble styrket ved ordene hos profeten Jesaja.

*Men de som venter på Herren, får ny kraft,  
de løfter vingene som ørnen, de løper og blir ikke slitne,  
de går og blir ikke trette. Jes.40.31*

Vi venter på at Jesus skal komme igjen. Og håpet gir oss nytt mot og ny kraft hver eneste dag.

Stord 20.12.2021

Reidar Brevik  
Styreleder

## Årsmelding for bibelgruppene 2021

Smågruppene i forsamlingen treffes på det jevne ca hver 14.dag.

Året har vært litt utfordrende med lange perioder med nedstenging på grunn av corona, så det har ikke alltid vært like lett å treffes. Men flere av gruppene har vært kreative, så det har vært grupper både rundt bålpanna, i skogen, på hytta og andre steder. Kanskje spesielt dette året har vi kjent på viktigheten av smågruppene.

Temaene i de ulike gruppene har variert, noen har hatt fokus på ulike tabu tema som det ellers snakkes lite om.

Ei gruppe har hatt alfakurs for voksne og ei gruppe har hatt alfakurs for ungdom. Vi har også egne grupper for ungdom, ei jente og ei guttegruppe.

Ei gruppe har vært inaktiv dette året, men vi håper den kommer opp igjen i 2022

Det er mellom 80-100 personer som er aktivt med i bibelgrupper tilknyttet ImF sitt arbeid i dei ulike heimane.

Det er stort sett god trivsel i gruppene, og mange opplever det godt å være med i ei mindre gruppe.

Her kan en dele hjertet sitt med andre, få forbønn, støtte, inspirasjon og oppmuntring.

Ingvild Løklingholm

# SunnBok

## Årsmelding 2021

### 1. Aksjeeigarar

	A-aksjar:	B-Aksjer
Indremisjonssamskipnaden	245 aksjar à kr 500,-	52
ImF Stord	245 aksjar à kr 500,-	20

### 2. Drift

SunnBok A/S er ein kristen bokhandel som ligg i Leirvik sentrum på Stord.

Vi registrerer dessverre ein nedgong i kundetala, men likevel går vi i pluss i 2021. Dette har ulike grunnar. Blant anna ny storkunde , Framnes k.vgs .

	2021	2020	2019
Fritt sal/bøker		1.129.278	1.208.460
Anna/pliktig sal		699.734	612.453
Snop/kaffi		25.265	33.014

### 3. Omsetjing og resultat

	2021	2020	2019
Driftsinntekter		1.854.277	1.863.895
Driftskostnader		1.753.013	1.970.092

### 4. Føresetnad for drift er framleis til stades.

Tala for 2021 viser at ,trass i at vi og i år har hatt eit tøft år, så har vi gode og trufaste kundar som vil ha oss her. Det er vi utruleg takksam for.

Styret meiner vilkåra for vidare drift er tilstades og rekneskapen er sett opp under denne føresetnad. Men ein ser at auka utgifter og låg omsetjing er ei stor utfordring for framtida.

## **5. Styret**

### Styresamansetjing:

Merete Økland	styreleiar
Kjetil Harestad	styremedlem
Mariann Steinsland	styremedlem
Knut Fauskanger	styremedlem
Ingebjørg Espevik	styremedlem
Hans Gunnar Aadland	1. vara medlem

Styret har hatt 6 møter og handsama 35 saker.

Dagleg leiar har vore med på møta.

## **6. Personale**

Dagleg leiar, Silje Fyllingen er tilsett i ca 70 % stilling. Tuva Vikestrand har vore ekstrahjelp fram til sommaren. I august starta Lea Synneva Andersland som ekstrahjelp. Reidar Brevik, Mariann Milje, Johannes Olsen og Kirsti Frugård har vore inne som dugnadsarbeiderar. Arbeidsmiljøet er godt, det er ikkje meldt om skader på arbeidsplassen. Selskapet si verksemd fører ikkje til forureining av det ytre miljøet. Det er ikkje nødvendig å i verksette tiltak som gjeld arbeidsmiljø og likestilling.

## **7. Økonomi**

Kassakreditten er på 250.000 kr. Den vart ikkje tatt i bruk før i mars.

Likviditeten i 2021 har vore relativt bra. Betre enn på fleire år.

Styreonorar: kr. 0

## **8. Arrangement i 2021**

Vi har ikkje hatt så mange arrangement i butikken i 2021 sidan pandemien har ført til nok eit år med mykje nedstenging.

Heldigvis har vi fått hatt bøker på familieleir og diverse andre leirer og Plussreiseturer. Vi fikk også vært med på et møte i frelsesarmeen og hatt bokkveld i Osterneset.

## **9. Marknadsføring**

Vi har hatt annonse Sunnhordland, gulesider annonse, Indremisjonsvenen og elles har vi satsa på facebook og instagram. Elles har vi lage Youtube-videoar og det har vore fleire avisartiklar om butikken.

## **10. Framtidsutsikter**

Framtida er særspennande for ein liten bokhandel med kristen profil. Butikken har eit godt utval både når det gjeld bøker og andre varer. 2021 starta som "Koronaår" det påverka butikken vår meir enn våren 2020. Vi fekk framleis ikkje vere med på møter, leiarar og andre arrangement som butikken vår er heilt avhengig av.

Sviktande omsetning er noko styret har hatt stort fokus på og vi gjennomføre stadig ulike tiltak for å heve omsetninga til eit berekraftig nivå.

Me må be om, og jobbe for, at yngre generasjonar ser kor viktig det er å bruka dei kristne bokhandlarane og at våre faste kunder stadig viser truskap, slik at drift av dei er mogleg i åra som kjem. For å få dette til, prøver vi blant anna å fokusere på kor viktig det er å lese for borna. Dessverre har det ikkje vore mogleg å arrangere noko i butikken i 2021, grunna pandemien. Dette vonar vi endrar seg så snart som mogleg.

Styret takkar dagleg leiar og hennar medarbeidarar for god innsats også i 2021. I ein bransje i motvind er det ikkje alltid så lett å stå på, men me ser at butikken er avhengig av motiverte tilsette som kvar dag yter sitt beste for å løfte butikken opp på eit bærekraftig nivå. Sunnbok er også avhengig av å få aktivert heile den naturlege kundemassa si og skaffa seg eit solid kundegrunnlag. Me ber om og trur at Gud vil velsigna arbeidet og dei som er knytt til drifta av SunnBok A/S også i framtida.

Leirvik. 31.01.2022

- Regnskapet blir lagt frem på årsmøte

## **Årsmelding styret i ImF Stord 2021**

ImF Stord hadde årsmøte 05. mai 2020

Etter valget ble styret slik:

Jarle Steinsland blir valgt til styreleder for 1 år.

Christian Andre Balchen og Kjetil Fyllingen blir valgt til styremedlemmer for to år

Astrid Kjellevold og Mariann Milje ble valgt for 2 år i 2020

Margrethe Hystad Carter blir valgt til 1. vara, Ole Jørgen Tvedt blir valgt til 2. vara og  
Per Magne Djupvik blir valgt til 3. vara

ImF Stord har 138 innskrevne medlemmer. 49 medlemmer har betalt kontingent for 2021.

Det var i 2020 70 betalende medlemmer.

Styret har i 2021 hatt 8 styremøter (12 styremøter sist år), og behandla 45 saker (mot 66 sist år). 1 av desse styremøtene har vore digitale.

Det har også dette året vore utfordrande med smittevern og begrensninger. Fleire arrangement er blitt avlyst, men me har gjennomført eit møte med ulike tjenestegrupper. Me har også sendt ut fleire nyhetsbrev.

Me har jobba med fleire saker som det ikkje har blitt noko av på grunn av pandemisituasjonen.

### **Her er nokre av sakene me har jobba med:**

-Økonomi og givertjeneste er noko me jobbar med på kvart styremøte.

-møter og smittevern har me jobba med på mange styremøter.

Sak 02/21 Permittering av ansatte

Sak 04/21 Deltakelse i organisasjonsprosess ImF fram mot 2022-23

Sak 07/21 Oppussing bedehuskjeller (har gått igjen fleire ganger)

Sak 19/21 Invitasjon til å bli med i økumenisk bønnefelleskap.

Sak 23/21 spørsmål fra Stord Begravelsesbyrå om å utføre begravelse om våre medlemmer ønsker det

## 7. Regnskap 2021 og budsjett 2021

### Budsjett 2022

ImF Stord

Regnskapskonto	2021 Rekneskap	2021 Budsjett	Endring	2022
				Forslag budsjett
<b>Driftsresultat</b>				
<b>Driftsinntekter</b>				
<b>Salgsinntekter</b>				
3110 Kollekt	160936	300000	-139064	300000
3111 Lagsgåver	0	1000	-1000	0
3112 Gjeveratenesta	500275	580000	-79725	600000
3113 Andre gåver, minnegåver	-3350	0	-3350	5000
3114 Medlemspengar	11100	30000	-18900	25000
3115 Refusjon MVA	94157	40000	54157	50000
<b>Salgsinntekter</b>	<b>763118</b>	<b>951000</b>	<b>-187882</b>	<b>980000</b>
<b>Annen driftsinntekt</b>				
3440 Offentlege tilskot	1311			1300
3900 Inntekter middag o.l.	1167	25000	-23833	10000
<b>Annen driftsinntekt</b>	<b>2478</b>	<b>25000</b>	<b>-22522</b>	<b>11300</b>
<b>Driftsinntekter</b>	<b>765596</b>	<b>976000</b>	<b>-210404</b>	<b>991300</b>
<b>Driftskostnader</b>				
<b>Varekostnad</b>				
4010 Varekjøp	9863	30000	-20137	20000
4550 Gåver	74125	90000	-15875	80000
Talarhjelp		6000		6000
<b>Varekostnad</b>	<b>83988</b>	<b>126000</b>	<b>-42012</b>	<b>106000</b>
<b>Lønnskostnad</b>				
5000 Lønn til ansatte	780108	790000	-9892	790000
5030 Sykepenger	-18271	-10000	-8271	0
<b>Lønnskostnad</b>	<b>761837</b>	<b>780000</b>	<b>-18163</b>	<b>790000</b>
<b>Annen driftskostnad</b>				
6300 Kontorleie	20000	20000	0	20000
6301 Leige av Leirvik Bedehus	800000	80000	0	80000
6552 Tripletex regnskapsystem	2982	3000	-18	3000
6705 Honorar regnskap	10000	10000	0	10000
6725 Honorar digital produksjon	15000	30000		15000
6790 Honorar musikkarar	0	10000	-10000	5000
6800 Kontorekvista	962	3000	-2038	3000
6810 Avgift domene, internett	1586	1500	86	1500
6820 Trykksaker	5889	5000	889	5000
6860 Kurs, reise-opphold-kursavgift	44885	50000	-5115	50000
6890 Diverse utstyr	4477	10000	-5523	10000
6900 Telefon	0	0	0	0
6940 Porto	1275	2000	-725	2000
7140 Køyregodtgjersle	0	4000	-4000	0
7320 Lysingar	19910	20000	-90	20000
7410 Medlemskontingent ImF, Awana	12513	10000	2513	12000
7770 Bank og kortgebyrer	4015	5000	-985	5000
<b>Annen driftskostnad</b>	<b>223494</b>	<b>263500</b>	<b>-40006</b>	<b>241500</b>
<b>Driftskostnader</b>	<b>1069319</b>	<b>1169500</b>	<b>-100181</b>	<b>1137500</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-303723</b>	<b>-193500</b>	<b>-110223</b>	<b>-146200</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>				
<b>Finansinntekter</b>				
<b>Annен finansinntekt</b>				
8050 Annen renteinntekt	3951	10000	-6049	4000
<b>Annen finansinntekt</b>	<b>3951</b>	<b>10000</b>	<b>-6049</b>	<b>4000</b>
<b>Finansinntekter</b>	<b>3951</b>	<b>10000</b>	<b>-6049</b>	<b>4000</b>
<b>Finanskostnader</b>				
<b>Annen finanskostnad</b>				
8150 Annen rentekostnad	-4	0	-4	0
<b>Annen finanskostnad</b>	<b>-4</b>	<b>0</b>	<b>-4</b>	<b>0</b>
<b>Finanskostnader</b>	<b>-4</b>	<b>0</b>	<b>-4</b>	<b>0</b>
<b>Netto finansresultat</b>	<b>3955</b>	<b>10000</b>	<b>-6045</b>	<b>4000</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>-299768</b>	<b>-183500</b>	<b>-116268</b>	<b>-142200</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>-299768</b>	<b>-183500</b>	<b>-116268</b>	<b>-142200</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>-299768</b>	<b>-183500</b>	<b>-116268</b>	<b>-142200</b>
Oppussing kjellar				